



Mange set stor pris på skulemusikken! Her gleder dei eit stort publikum under Aktivitetsdagen i båthamna i sommar.(Foto: T.I.Døssland)

Skulemusikken har hatt ein svært god haust. Nyleg hadde dei ein flott basar der musikarane viste fin framgang i ei konsertavdeling. I november har dei selt ein kjekk og populær adventskalendar som har blitt svært godt motteken! Vi har motteke eit takkeskriv frå styret og basarnemnda som vi med glede bringer vidare til lesarane:

TAKK!

Styret og basarnemnda i Uskedalen skulemusikk ynskjer å takka alle som på ein eller anna måte har hjulpet oss i høve basaren vår 10. november. Tor, Sindre og musikantane for ein flott konsert, foreldre, besteforeldre og bygdefolk for mange flotte gevinstar. Og sjølvsagt alle som kom og var med på basaren vår.

I tillegg vil me takka alle som har støtta årets adventskalender med flotte gåver. Takk til alle som har vore med og seldt kalenderar, og alle som har kjøpt den. Me har seldt 599 kalenderar. Takk for god mottaking.

Kvinnherad lensmannskontor har stått for trekkinga. Det vil kvar dag i desember (til og med 24.desember), bli lagt ut på Uskedalen.no, kalendernummer og kva som er gevinsten. Om du er den heldige vinnar - ta med kalenderen til Zjakk - frisør, der vil du få utlevert gåva. Etter 24. desember vil det og bli hengt opp trekningsliste på Spar. Ein må henta gevinstane innan 6. januar 2014.

Me ynskjer alle ei fin og spennande førjulstid :)

Styret og basarnemnda i Uskedalen skulemusikk